




ÅRSMELDING 2017
– SOGNDAL IL FOTBALL



www.sogndalfotball.no

Postboks 164

6851 Sogndal



Visjon:
Utviklingsarena for toppfotball

Kjerneverdiar:
Ambisiøse, utviklende, inkluderande og ærlege

Mål:

- *Vi skal vere blant dei 12 beste laga i Noreg*
- *Vi skal vere leiande på individuell spelarutvikling*
- *Leiande kunnskapsaktør/kompetanseverksemd for toppfotballutvikling*
- *Klubben skal vere ein aktiv samfunnsutviklar*

Organisasjon

Styret i Sogndal Fotball har i 2017 vore samansett slik:

- Tor Arne Ness, leiar
- Margrete Svidal, nestleiar
- Trude Ramstad, styremedlem
- Vegard Fusche Moe, styremedlem
- Frank Heggestad, leiar aldersfastlagd
- Ingvar Stadheim, styremedlem
- Jan Rune Årøy, styremedlem

Sogndal IL Fotball har i 2017 hatt 52 tilsette i klubben, 50 heiltid og 2 deltid. Egil Mundal var dagleg leiar og Eirik Bakke var og er hovudtrenar for klubben. Dagleg leiar sa opp stillinga si nokre månader før årsslutt og styret engasjerte då Yngve Hallén som konstituert dagleg leiar frå 1. januar 2018.

Det har vore gjennomført 5 styremøte, og 47 saker er handsama. Eit av møta var 2-dagars styremøte og strategisamling. I tillegg til dei 5 styremøta er det halde 3 drøftingsmøter.

Styret er elles ofte samla rundt ulike event.

Styremøta er som regel kombinert med styremøte i Sogndal Fotball AS.

Arbeidsmiljøet i verksemda er godt. Det har vore lite langtidssjukemelde i klubben, ut over langtidsskader i spelartroppen. Saman med Idrettssenteret og Sogndal Fotball AS er konsernet IA-bedrift i samarbeid med NAV.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljø meir enn tilsvarande verksemder. Det er investert for nær ein million i energieffektiviseringstiltak i løpet av året.

Styret og leiinga ynskjer å fremje likestilling i klubben, og er klar over dei samfunnsmessige forventningane det er knytt til dette arbeidet.

Hovudsamarbeidspartnarar

Klubben nyt godt av langsiktige og stabile samarbeidspartnarar, og våre to generalsponsorar har bidrøye gjennom mange år. Våre trufaste generalsponsorar er Sparebanken Vest og Lerum.

Sportsleg resultat a-laget

Sesongen 2017 bestod av opp og nedturar, men enda diverre til slutt med nedrykk etter tap i kvalifiseringa mot Ranheim.

Sesongen starta med eit skademareritt. Skadar på viktige spelarar gjorde at vi måtte gjere store endringar – også i spelkonseptet.

Etter ein svak start lukkast vi godt med endringane og dei forsterkningane vi gjorde, spesielt med Kjetil Wæhler på stopparplass.

Organisasjonen gjennomførte ei brei og god evaluering etter sesongslutt.

Prosessens starta i spelar-troppen og vart vidareført av det sportslege teamet rundt A-laget.

Oppsummeringa etter evalueringa vart overlevert til administrativ leiing i klubben som saman med sportsleg leiing la fram saka for styret.

Styret si evaluering konkluderte med:

- Spelarlogistikken før sesongen gjorde at vi stod svakare rusta på enkelte plassar når skadeproblema meldt seg i løpet av våren.
- Vi var gode til å finne løysingar når problema oppstod (fikk henta inn to stopparar utanom vindauge).
- Skifte på stopparplass grunna i skadar i løpet av mange kampar, gjorde oss sårbarer. Spesielt slapp vi inn mange mål på dødball.
- Spelkonseptet måtte endrast som resultat av at nøkkelspelarar vart skada.
- Sjølv med store skadeproblem og endringar i stallen greidde vi å holde liv i sesongen og skapte mange god augeblikk på Fosshaugane. Det største var nok sigeren mot Vålerenga på eit nesten fullsett Fosshaugane, som gav oss kvalifiseringsspel.
- Sesongen 2017 er også den sesongen vi har scora mest i Eliteserien.

Sogndal 2 menn

Trenerteam:

- | | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Rune Bolseth, hovedtrener.• Vegard Hovland, ass.t og spelarutviklar.• Jon Arild Halland, ass.t og fysisk t (våren).• Kåre Rutlin, keeperetrener | <ul style="list-style-type: none">• Joar Solberg, oppmann• Arne Hånes, fysisk trenar (hausten)• Stig Nord, ass trenar (hausten)• Kevin Olsen, ass trenar (hausten) |
|--|---|

Spelartropp SIL 2:

- | | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Fartein Bøyum.• Adam Khamurazayev.• Sondre Loftesnes.• Adrian Solberg.• William Bjelland.• Eirik Stokkanes.• Andreas Flåten.• Kristian Knudsen Berg.• Elias Mittet.• Eivind Helgesen.• Sivert Mannsverk. | <ul style="list-style-type: none">• Eirik Lereng.• Jens H. Øvreseeth.• Andreas Lerheim Olsen.• Ørjan Sørflaten.• Anders Nord. <p>• Hospitantar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Matias Sundberg• Mikkel Erlandsen• Even H. Nebb |
|--|---|

Treningsveka:

Laget gjennomførte 4 fellesøkter fotball + kamp i ei normal veke. Treningane var retta mot spelrelaterte øvelsar der målet var å trenere mest mulig likt fotballkampen. Teamet og laget ønskete å spele på både offensivt og defensivt var etter speleprinsippa frå spelkonseptet.

Etter sommarpausen gjekk Jon Arild Halland ut av temaet då ny jobb venta i Førde. Teamet blei supplert med Arne Hånes (fysisk trenar) samt Stig Nord og Kevin Olsen som assistenttrenarar.

Sesongen:

Oppkøyringa bestod av mange kampar i vinterserien samt to turneringar med Team Sogndal i Lillestrøm og i Stavanger. God matching mot gode lag gjorde at laget sto godt rusta til seriestart.

Vårsesongen starta med overbevisande sigrar på heimebane samt knipne tap på bortebane. Etter 8 serierundar sto laget med 4-0-4 og ein plass midt på tabellen i kretsligaen. Etter at det vart siger mot serieleiar Stryn (2-1 heime) i runde 9 vart målet justert til opprykk. Dette valet var naturleg då våre beste unge på 2. laget, og dei som trengte speletid frå A-laget, trengde betre kamparena enn kva laget fekk i kretsligaen.

Haustsesongen endå som målsetninga med opprykk. 13 strake sigrar, og mange kampar med godt spel og gode prestasjoner gjorde at det ventar 3 divisjon i 2018. Dette vil gje våre unge god matching i året som ventar og vil vere ein betre utviklingsarena for denne gruppa.

I tillegg til seriespelet så hadde juniorane suksess i JR NM. For første gang på mange år nådde juniorane 4 runde. Der blei det stopp etter eit knipent tap heime på Campus mot Molde. Imponerande innsats av samtlige både i den kampen og i dei foregåande rundane. Molde stakk seinare av med seier i finalen mot Rosenborg. Det viser at vi har unge som kan kjempe mot dei beste. Samtidig fekk spelarane referanse frå kva nivået er på dei beste juniorane i landet.

Overordna mål for laget er å rekruttere spelarar til A-laget. Det er fleire eksempel på at vi har lukkast med dette. Kristian Rutlin, Simen Brekkhus, Fredrik Flo og Johan Hove har dei siste åra tatt steget. I 2017 klarte Ulrik Fredriksen det same då han i mai vart flytta opp i A-stallen. Gode prestasjoner på SIL 2 og etterkvar gode treningar med A-laget gjorde han verdig til ein a-kontrakt. Eivind Helgesen var den av B-liste spelarane som fekk eit innhopp i heimekampen mot Viking. Sivert Mannsverk debuterte på G15 landslaget og har blitt ein viktig spelar for dette laget.

Styret vil takke alle som har bidrøge rundt SIL 2 i år og ser fram til eit spennande og tøft 2018.

Utviklingsavdelinga

Utviklingsavdelinga gjekk i 2017 gjennom ein del endringar som følgje av eit større nasjonalt løft rundt spelarutvikling, kalla Akademikklassifisering. Klassifiseringa, administrert av Norsk Toppfotball og Toppfotballsenteret, er meint å løfte og setje klarare krav og standardar rundt spelarutvikling i toppklubbane.

Klubben etablerte tidleg i 2017 målsetjing om å oppnå tre av fem stjerner i Akademikklassiferinga, noko vi lykkast med. Dette fordra blant anna ei auke i ressursar då klassifiseringa stiller klare krav til tal tilsette.

Strategisk handla 2017, som 2016, om å vidareføre eit auka fokus på spelarutvikling i eigen klubb, fylke og region. Avdelinga brukte mykje av hausten på å ferdigstille planverk og følgje opp samarbeidsavtalar med ulike klubbar i fylket, region og NFF Sogn og Fjordane.

Dei ulike topptiltaka gjennom Team Sogndal–modellen og samarbeidet med kretsen fungerte som ei prøveordning som etter to evalueringar (vår og haust) blei revidert og vidareført som prøveordning også i 2017 med intensjon om å få på plass ein lengre avtale frå 2018.

Avtalen gjennomgjekk nokre justeringar basert på dei erfaringane ein gjorde seg gjennom sesongen 2017, men det er vårt inntrykk at begge partar fortsatt ser seg godt tent med ordninga. Dette gir dei beste spelarane i fylket gode referansar i møte med dei beste spelarane i landet i deira eige alderssegment. I tillegg var vi, i samarbeid med kretsen, med i den nyestablerte Nasjonal G14 serien.

Breiddefotball

Breiddefotballen er ein viktig del av klubben. Den er ein ressurs i lokalsamfunnet og mange frivillige (mykje foreldre) legg ned ein stor innsats for at tilbodet skal vere breitt og godt.

Breidde er også ein viktig ressurs inn mot a-laget sine kamparrangement og Lerum Cup.

Finansieringa av breiddefotballen skjer gjennom treningsavgift, dugnad heimekampar a-laget, dugnad Lerum Cup og marknadsbidrag frå klubben.

Dei største kostnadane er bane og anlegg som er om lag 50 prosent av utgiftene, sjølv om leigeprisen i Sognahallen og på eigne anlegg då er sterkt redusert i utgangspunktet (subsidiert av Toppfotballen).

Nokre lag har ein eigen økonomi rundt sitt lag skapt gjennom ekstra dugnader og noko sal. Desse inntektene vert prioritert av laget sjølv, men går i stor grad tradisjonelt til delfinansiering av turneringar o.l.

Breiddestyret og laga lever ein eige årsrapport som ligg ved denne årsmeldinga.

Lerum Cup

Siste helga i juni, 30. juni – 2. juli, samla klubben 2500 spelarar, fordelt på 221 lag, til cupeventyret i Sogn. Medarrangørar var: Hafslo IL, Kaupanger IL og IL Bjørn.

Dette er ein nedgang på knappe 70 lag frå 2016. Bakgrunnen for dette er at cupen vart arrangert ei veke seinare, og kom inn i fellesferien. Dette måtte vi gjere, då skulane i Hordaland slutta ei veke seinare enn tidlegare. Vi vil justere dette tilbake i 2018, men då køyre kampane frå laurdag til mandag og ikkje fredag-sundag.

Kampane vart avvikla på Hafslo, i Sogndal og på Kaupanger.

Lerum Cup gjekk etter planane og tilbakemeldingane frå deltakarane har vore gode. Mange fekk sitt første møte med Sogn og var klare på at det ikkje vart det siste.

Turneringa fekk eit kvalitetsløft ved å ha matservering i Høgskulekantina. Organiseringa av turneringa begynner også å ta form, slik at me har større oversikt over kva som skal prioriterast i framtida.

Dugnadsånda er veldig god og turneringa ei viktig innkomme for eigen klubb og medarrangørane. Dei frivillige som stiller opp for Lerum Cup er nøkkelen til at cupen har den kvaliteten den har, år etter år.

Lerum, Meny, Nordfjord Kjøt og Studentsamskipnaden er viktige bidragsytarar til arrangementet, takka vere dei kan vi levere ei turnering med høg matkvalitet.

Tommy Øren overtok ansvaret for turneringa frå Mikkel Frodahl i 2017.

Laurdag kveld vart det spilt Eliteseriekamp mellom Sogndal og Aalesund på Fosshaugane Campus. Det var god stemning og godt oppmøte på kampen.

Samarbeid innan idretten.

Sogndal Fotball er den leiande fotballklubben i Sogn og Fjordane, og ein av dei to store klubbane i ein ny region Vestland.

Klubben har alltid hatt fokus på å investere i anlegg og kompetanse. Det er og har vore viktig at anlegga og kompetansen kjem andre til gode. I denne samanhengen gjennomførte klubben mellom 50 og 60 betalte og ubetalte føredrag i 2017 til verksemder, det offentlege og idretten rundt om i landet.

Klubben og dotterverksemduene har også etablert gode samarbeidsavtalar med klubbane og skulane i regionen. Avtalar med Fjøra, Studentsprett og Kaupanger (damelaget) er forhandla fram i løpet av året og inn i 2018. I tillegg er det starta på ein prosess om samarbeidet med Sogndal Idrettslag.

Klubben var også aktivt deltagande i skisseprosjektet rundt ein ny fleirbrukshall i Sogndal.

Gjennom engasjementet i Sognahallen og Idrettssenteret har også klubben eit tett samarbeid med Klatregruppa i Sogndal Idrettslag.

Klubben har også eit vesentleg engasjement inn mot Norsk Toppfotball, Norges Fotballforbund og Norges Idrettsforbund. Saman med NFF Sogn og Fjordane samarbeider klubben om ressursar og ulike tiltak innanfor landslagsskulen og team Sogn og Fjordane.

Økonomi

Rekneskapen for 2017 synte eit underskot kroner 3.715.468, mot eit overskot på kroner 6.672.413 i 2016. Omsetnaden var i 2017 på kroner 54.985.826 mot kroner 44.339.554 i 2016. Auken i omsetnad kjem som eit resultat på endringa av arbeidsdelinga mellom klubb og Sogndal Fotball AS

Eigenkapitalen i verksamda er på kroner 16.575.095 per 31.12.17 mot kroner 20.290.563 ved utgangen av 2016. Konsolidert eigenkapital som ligg som grunnlag for klubblisensen er også positiv.

Styret stadfestar at føresetnaden om at drifta skal halde fram er til stade og at dette er lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapen.

Dugnad

Dugnad er ein viktig ressurs for klubben, både for aldersfastlagt, utviklingsavdelinga og toppfotballen. For laga i aldersfastlagt er dette ein viktig økonomisk ressurs, både for å senke treningsavgifta og for å finansiere ekstratiltak som sosiale tiltak og turneringar.

Seniorklubben er ein stor ressurs for klubben. Dei bidreg breitt med sin kompetanse og tid. Dei bidreg inn mot arrangementa rundt a-laget, rundt Lerum Cup, Eat Move Sleep og Grendacupen. I tillegg legg dei ned ein stor innsats rundt akademiet til Utviklingsavdelinga. Her er det 8-10 personar som fleire gonger i veka tek del i leksehjelp og organisering rundt akademiet.

På kampane er det eit fast korps som tek del i tryggleiksoppgåver og andre rutineoppgåver rundt arrangementet. Denne innsatsen har stor verdi i form av sosialt arbeid og entreprenørskap, engasjement og identitet til klubben, samt reduksjon av arrangementskostnader.

Verv

Yngve Hallén	Medlem i FIFA sin etiske komité, fram til mai 2017
Arild Hopen	Lisensnemda i NFF
Margrethe Svidal	Konkurranseutvalet i NFF
Egil Mundal	Medlem valkomité NTF

I tillegg har klubben eit samarbeid på trenar og spelarutvikling med NFF Sogn og Fjordane, der mange av våre medlemmar/tilsette har oppgåver.

Samfunnsutvikling

Fosshaugane Campus utviklar seg stadig. Hovudengasjementet i dette arbeidet er lagt til utviklings- og eigedomsselskapet Sogndal Fotball AS. I 2017 vart Innovasjonsbygget opna,- ei samla investering på knappe 50 millionar inklusive mva. 6 millionar vart tilført som eigenkapital i prosjektet.

Sogndal Fotball AS har elles engasjert seg som ein aktiv utviklingsaktør i regionen. Vi har hatt engasjement inn mot eit nytt Vitensenter på Kaupanger og utviklinga i Hodlekve.

Fleire tilsette og frivillige har engasjement i andre organisasjonar og samanslutningar på vegner av klubben og seg sjølv.

Strategiarbeid – framtida.

Styret sette i gang arbeide med revisjon av strategiarbeidet på slutten av 2017. Dette vil bli tatt opp som ei orientering på årsmøtet.

Sogndal 6. mars 2017**Styret i Sogndal IL Fotball**

Tor Arne Ness
-styreleiar-

Margrethe Svidal
- nestleiar-

Jan Rune Årøy
- styremedlem-

Ingvar Stadheim
- styremedlem-

Trude Ramstad
- styremedlem-

Vegard Fusche Moe
- styremedlem-

Frank Heggstad
- styremedlem

Yngve Hallén
Dagleg leiar